

NVE – konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo
Epost; nve@nve.no

Marta Johanne og Ottar Gjengedal
Bøneshøien 262
5254 Bønes
marta.johanne.gjengedal@bkkfiber.no
tlf 95811672

Bergen 10.05.2014

HØYRINGSFRÅSEGN VEDRØRANDE BYGGJING AV GJENGEDAL KRAFTVERK OG NY 132 Kv LEDNING GJENGEDAL – STOREBRU/AGLEDAL

Som grunneigarar av gnr.18 bnr.10 Klype, ynskjer vi å gje høyringsfråsegn både vedrørande byggjing av Gjengedal Kraftverk samt ny ledning Gjengedal – Storebru/Agledal. Eigedommen vår ligg tett ved vegen der all transport i samband med anleggsdrift skal foregå, i tillegg er den foreslegne linjetraseen i nærleiken av vår eigedom og fleire stader på traseen er linja godt synleg frå eigedommen.

Vi er ikkje blitt kontakta av tiltakshavar i utgreiingsfasa. Dette undrar oss, då både utbygging av kraftverk og valg av linjetrase direkte påvirkar vår eigedom og bruken av den. Tiltakshavar har ikkje halde informasjonsplikta, men vi vonar at vi i tida framover kan kome i konstruktiv dialog om avbøtande tiltak for vår eigedom.

Vi stiller oss positive til utbygging av Gjengedal kraftverk. Vi vonar at vi i dialog med tiltakshavar SFE/SFE Nett vil kome fram til avbøtande tiltak som gjer at utbygginga får små følgjer for vår eigedom og bruken av den.

Gjengedal Kraftverk

Det går fram av konsesjonssøknaden frå SFE at det er planlagt massedeponi av 180 000 kubikk tunnelmasse ved terskel på nordsida av grendahuset på Klype. Dette utgjer anslagsvis over 10 000 lastebil-lass med masse.

Eigedommen vår ligg tett ved massedeponiet og vegen der massa skal transporterast. Husa på eigedommen ligg ca. 5-10 meter frå vegen. Dette vil medføre store ulemper i form av støy og støvplager frå tung anleggstrafikk i anleggsperioden. Det vil også føre til auka trafikkrisiko i området når store mengder masse skal fraktast frå anlegget til deponiet. Dette i tillegg til anna tungtransport som følgje av anleggsdrifta.

Vi ynskjer å foreta ei synfaring saman med tiltakshavar for å få kartlagt dei faktiske forhold og konsekvensar knytta til prosjektet. Vi ber også om å få utgreia omfanget av støy, støvplager og trafikk, herunder nattrafikk. Vi ber om at tiltakshavar legg fram plan for avbøtande tiltak som kan redusere ulempene.

Ny 132 kv ledning Gjengedal – Storebru/Agledal

Viser til informasjon i brev frå SFE Nett til berørte grunneigarar av 25.02.2014
Vi vart først på det tidspunktet kjende med utbyggingsplanane for kraftlinja, og val av trasè.

Etter dette har vi innhenta meir detaljert informasjon frå konsulentfirma Jøsok Prosjekt AS

Av informasjon går det fram at trasè A-2 er føretrekt av SFE. Denne trasèen går relativt nær vår eigedom, og vil ha negativ visuell påverknad på området. Vi ber om at tiltakshavar reduserer ulempene i den grad det er mogleg, og at avbøtande tiltak må vurderast. Vi forutset at vi vert kontakta i samband med saka.

Vi er gjort kjende med at det vil komme forslag om eit tredje trasèalternativ frå andre grunneigarar i området. Etter vår vurdering vil denne trasèen ikkje vere visuelt skjemmande i dalføret og heller ikkje kome i konflikt med bustadhus. Vi ber om at dette alternativet vert utreda.

Med venleg helsing
Marta Johanne og Ottar Gjengedal